

# ÅRSPLAN 2025/2026

## STRYN BEDRIFTSBARNEHAGE AS



Saman hand i hand, steg for steg



Trygg, Nær og Inkluderande

Visjon; Alle skal bli sett, forstått og lytta til

**Tidleg innsats** gjennom systematisk arbeid, fokus på gode relasjonar og dialog

«Det du tror om meg, slik du er mot meg,  
hvordan du ser på meg, hva du gjør mot meg, slik blir jeg.»

*M. Jennes*



## INNHALDSLISTE

Visjon og verdier	Side 3
Overordna målsettingar for Stryn Bedriftsbarnehage	Side 4
1. Lov om barnehagar og rammeplan	Side 5
2. Ansvar og roller	Side 5
3. Presentasjonen og historikk	Side 6
4. Pedagogisk plattform	Side 6-7
5. Dialogen som samtale og kommunikasjonsform	Side 8
6. Tilknytning – å kunne sjå barnet innanfrå	Side 8-9
7. Barns medverknad	Side 9-10
8. Planlegging og barns medverknad	Side 10-11
9. Dagsrytme	Side 12
10. Organisering og progresjon i planarbeidet	Side 13
11. Gode overganger - tilvenning	Side 13-14
12. Relasjonell atferd	Side 14-15
13. Likestilling og likeverd	Side 15-16
14. Mangfald og likeverd	Side 16
15. Leik og leikemiljø	Side 16-17
16. Utviklingsarbeid 2023-2025 – inkluderande leikemiljø	Side 17-18
17. ASK – alternativ og supplerande kommunikasjon	Side 18-19
18. Livsmestring og helse	Side 19-21
19. Psykisk helse	Side 22-23
20. «Det er min kropp» forebygging seksuelle overgrep	Side 23-24
21. Fagområder i Rammeplanen	Side 24-29
22. Frå «Beste praksis» til lokalt utviklingsarbeid	Side 29
23. Kvalitet i kvardagsaktivitetar og rutiner	Side 30
24. Barnehagen som pedagogisk virksomhet	Side 31-33
25. Foreldresamarbeid og kommunikasjon	Side 34-36
26. Tverrfagleg samarbeid	Side 36-37

# Visjon og verdier

**Saman hand i hand, steg for steg**



**Trygg, Nær og Inkluderande**

**Visjon: Alle skal bli sett, forstått og lytta til**

**Korleis leve opp til visjon og verdigrunnlag**

- Stryn Bedriftsbarnehage skal vere ein **inkluderande** barnehage som gjev **tryggleik** til foreldre, barn og personalet gjennom fokus på **nære** og gode relasjonar.
- Dette blir forsterka gjennom visjonen der foreldre, barn og personalet skal bli **sett, forstått og lytta til**.
- Alle som kjem til barnehagen skal oppleve å bli møtt av **blide og imøtekomande vaksne**.
- Barnehagen skal møte spørsmål og utfordringar på ein **anerkjennande værmåte** der **dialogen** er bærebjelken i kommunikasjonen.
- Stryn Bedriftsbarnehage skal gjennom aktivitet og trygge rammer fremje **god psykisk og fysisk helse**.
- Stryn Bedriftsbarnehage legg vekt på **tidleg innsats** gjennom fokus på systematikk, struktur og gode relasjonar i foreldresamarbeidet.
- **Tidleg innsats** er viktig då barnehagetida er dei viktigaste åra for utvikling av både fysisk og psykisk helse. Barnehagen er difor ein av dei viktigaste psykisk helsefremjande og forebyggande arenaer.

# Overordna målsettingar for barnehagen

**Stryn Bedriftsbarnehage skal være;**

Ein stad der barna får god omsorg.



Ein barnehage der barn lærer og utviklar seg i eit trygt barnehagemiljø.

Gje barna eit trygt og godt leikemiljø.



Kvart enkelt barn høve til personleg og sosial utvikling.

Legge til rette for barns medverknad.

Ein brukarvenleg barnehage.

Fungere som ein heilskap, og dei tre avdelingane skal ha eit nært samarbeid.

Legge vekt på eit godt samarbeid med foreldra og stimulere til foreldremedverknad.



## 1. Lov om barnehager og Rammeplan for barnehager

Styrande for drift og pedagogisk verksemd i barnehagen er Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagar. Barnehagen er forplikta til å drive etter barnehagelova som stiller krav til innhald, bemanning, kompetanse, tal pedagogar, areal, barns medverknad, foreldresamarbeid og ansvarsfordeling.

24. april 2017 vart ny rammeplan fastsett av Kunnskapsdepartementet. Rammeplanen var gjeldande frå 1. august 2017. Rammeplanen fastsetter barnehagens innhald og oppgåver.

Barnehagen sin årsplan skal vere i tråd med rammeplan for barnehagar.

*«Årsplanen er eit arbeidsredskap for barnehagepersonalet og skal dokumentere barnehagens val og grunngjevingar. Årsplanen skal gje informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til myndighetsnivå, barnehagen sine samarbeidspartnere og andre interesserte. (R.s.37-38)*

*«Styrrar leiar prosessen med utarbeiding av årsplan. Årsplanen skal fastsettast av barnehagen sitt samarbeidsutvalg.» (R.s.38)*

Merk spesielt § 42. *Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt).* Viser til barnehagen sin plan for Inkluderande barnehagemiljø.

### Barnehagelova

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

### Rammeplan for barnehager

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>

## 2. Ansvar og roller

*«Barnehageeigaren og alle som arbeider i barnehagen, skal saman bidra til å oppfylle mål og krav i rammeplanen med utgangspunkt i sin erfaring og sin kompetanse.» (R.s.15)*

**Barnehageeigar** har det juridiske og overordna ansvaret for at barnehagen blir driven i samsvar med gjeldande lover og reglar jamfør barnehagelova § 7 første ledd.

**Styrrar** har det daglege ansvaret i barnehagen for det pedagogiske, personalmessige og administrative arbeidet. Styrrar har ansvaret for at det pedagogiske arbeidet er i tråd med barnehagelova og rammeplanen, og at personalet utviklar ein felles forståing som samsvarar med rammeplan og årsplan.

**Pedagogisk leiar** har ansvaret for å iverksette og leie det pedagogiske arbeidet i tråd med godt fagleg skjønn. Den pedagogiske leiaren skal veilede og sørge for at barnehagelova og rammeplanen oppfyllest gjennom det pedagogiske arbeidet.

### **3. Presentasjon og historikk Stryn Bedriftsbarnehage**

Stryn Bedriftsbarnehage er ein privat barnehage eigd av privatpersonar og verksemder i Stryn. Barnehagen er organisert som eit aksjeselskap med eit styre som har det overordna ansvaret for drift av barnehagen. Styrar er dagleg leiar og har det daglege ansvaret for leing og drift av barnehagen.

Barnehagen vart bygd som ein to avdelings barnehage i 1992 og dei 9 første åra hadde vi syskengrupper, eller aldersblanda grupper frå 1-5 år. Frå år 2000 utvida barnehagen med ei halv avdeling. Dei eldste barna frå dei to avdelingane, 5 åringane vart organisert som eiga gruppe. Stryn Bedriftsbarnehage kjøpte i år 2000 ei hytte som er plassert på barnehagen sitt uteområde. Hytta inneheld fellesrom, kjøkken, to leikerom, hems, toalett og garderobe. Hytta blir brukt som tilleggsareal for heile barnehagen.

Frå hausten 2012 starta vi opp med ny organisering av gruppene. Blåmann avdeling for 1 og 2 åringane, Rødhette avdeling for 3 og 4 åringane. Dei eldste, 5 åringane var framleis organisert i eiga gruppe kalla Storegruppa.

I jubileumsåret 2017 bygde vi på barnehagen og utvida med ½ avdeling. Frå august 2017 vart Stryn Bedriftsbarnehage ein 3. avdelings barnehage med ny flott personalavdeling og ny avdeling for dei eldste barna i barnehagen. Frå barnehageåret 2018/2019 hadde vi 1 og 2 åringane på Blåmann avdeling, 2 og 3 åringane på Rødhette og 4 og 5 åringane på Storavdeling.

Barnehageåret 2020/ 2021 organiserte vi Rødhette og Blåmann som to like avdelingar med 1-3 år. Denne organiseringa har fungert godt og vi ynskjer difor å forsette med to like 1-3 års avdelingar. Vi har erfart at det er viktig å ikkje ha for mange overgangar for barna, og at samarbeidet mellom avdelingane er lettare når avdelingane er like.

Vi ser likevel behovet for meir samarbeid for dei eldste på småbarnsavdelinga, og det vil difor vere eit fast samarbeid mellom avdelingane kvar dag. Dette vil spesielt vere nødvendig for dei eldste på småbarnsgruppa (3 åringane).

Vi tilpassar organiseringa av avdelingane etter søkarmasse og barnegruppe. Dette betyr at det kan variere frå år til år kva alderssamansetning vi har på dei ulike avdelingane. Barnet sitt beste og gruppesamansetning er avgjerande for val av organisering. Med bakgrunn i dette vil barnehagen for barnehageåret 2025/2026 vere organisert med rein 3 års avdeling på Blåmann og småbarnsavdeling, 1 og 2 år på Rødhette. Storavdeling er barna som er 4 og 5 år. Den eldste gruppa, 5 åringane, kallar vi Storegruppa.

Omsyn til heilskap og enkeltbarn er avgjerande for dei vala vi gjer. Det er viktig at foreldre og barn er godt førebudde ved alle overgangar slik at dei føler seg trygge.

### **4. Pedagogisk plattform**

Stryn Bedriftsbarnehage si viktigaste målsetting er å drive ein framtidretta barnehage med god kvalitet, der barn og foreldre sitt behov for tryggleik, omsorg og trivsel er det mest sentrale. Tryggleik, trivsel og god omsorg er grunnlaget for at eit barn skal lære og utvikle seg positivt.

Rammeplanen seier; «Omsorg er ein føresetnad for å gje barna tryggleik og trivsel, og for utvikling av empati og nestekjærleik.» (RP s.19)

«I barnehagen skal alle barn bli sett, forstått og respektert og få den hjelp og støtte de har behov for». (RP s. 19)

**Visjon og verdier** skal vere styrande for alt arbeid i barnehagen. Vi vil gjennom årsplanen og månadsplanar synleggjere korleis dette kjem til syne i det praktiske arbeidet. Det er personalet som har ansvaret for at den pedagogiske plattformen blir synleggjort i praksis og at det er samsvar mellom mål, visjonar og opplevd praksis. Kompetente og sensitive vaksne med god relasjonskompetanse er den viktigaste ressursen for eit godt barnehagetilbud.

### Rammeplanen seier;

- Alle handlingar som angår barnet, skal ha barnet sitt beste som grunnleggande hensyn, jamfør Grunnlova og Barnekonvensjonen art.3 nr.1. Dette er et overordna prinsipp som gjeld for all barnehagevirksomhet.
- Barn skal møtast som individ, og barnehagen skal ha respekt for barnet si oppleving.
- Barnehagen skal gi rom for barns ulike føresetnader, perspektiver og erfaringer og bidra til at barna, i felleskap med andre, utvikler et positivt forhold til seg selv og tru på egne evner
- Barn skal møtast med empati og få mulighet til å videreutvikle eigen empati og evne til tilgivelse.


### Korleis gjer vi dette i praksis;

Behovet for å bli sett, forstått og lytta til er et grunnleggande behov, og den beste måten å oppleve dette på er å bli møtt med anerkjenning og respekt. Dette betyr i praksis at vi som vaksne først må sjå barnet sitt perspektiv. Kva tenker barnet? Kva er det barnet meiner? Gjennom spørsmål til barnet og aktiv lytting vil det barnet seier, og barnet sitt kroppsspråk vere med å gje oss ei forståing av kva barnet vil. Når barnet opplever å bli forstått, vil det få tillit og ein god relasjon til den vaksne. Tillit og gode relasjonar er det som skaper trivsel i barnehagen. Tryggleik og trivsel gjev igjen barnet gode føresetnader for læring og utvikling.

**Relasjonskompetanse** er ein føresetnad for å vere ein profesjonell vaksen i møte med barn. Ein viktig veremåte eller haldning er at den vaksne har ein anerkjennande kommunikasjon.

**Relasjonskompetanse er ei basisferdigheit** som alle som jobbar i barnehagen må inneha. Kunnskap og kompetanseheving innanfor feltet relasjonsleiing er eit prioritert område for barnehagen.

## Relasjonskompetanse



(Jan Spurkeland)

## 5. Dialogen som samtale og kommunikasjonsform

Innanfor begrepet relasjonskompetanse er dialogferdigheter ein grunnleggande og viktig kompetanse som må øvast og lærast av personalet i barnehagen.

Dialogen som samtaleform har anerkjening av den andre sine opplevingar som sjølve berebjelken i kommunikasjonen, og på den måten er dialogen ein god måte å få fram den enkelte sine synspunkt, tankar og opplevingar. Anerkjennande kommunikasjon betyr ikkje nødvendigvis at ein er einige i det den andre seier, men at ein viser respekt for den andre sine meiningar og opplevingar. For å kunne ha ein anerkjennande kommunikasjon må ein ha perspektiv på kva som er egne opplevingar og kva som er den andre sine.

Dialogen er ein metode som har dei same grunnprinsippa som for anerkjennande kommunikasjon. Gjennom dialog metodikken vil sjansen til å oppnå anerkjennande relasjonar vere styrka.

**Dialog = Anerkjennelse**

**Anerkjennelse = Dialog**

Dialogkompetanse	Anerkjennande kommunikasjon
Lytte	Bekreftelse – å bli sett
Still spørsmål	Forståelse – å bli forstått
Undring	Innlevelse – å bli lytta til
Gje tilbakemelding	Åpenhet – tonen i det relasjonelle møtet

(Utviklingsarbeid rapport; Dialogen som samtale og kommunikasjonsform, E. Rossetvik s.12)



## 6. Tilknytning - Å kunne sjå barnet innanfra

Ein føresetnad for tryggleik, trivsel og læring er at barnet får dekt sitt følelsesmessige behov for omsorg. Forskning har vist at barnets følelsesmessige og sosiale evner utvikles ved at barnet knytter seg til stabile voksne som reagerer sensitivt på barnets behov. Tilknytings relasjonane tidleg i livet er ei rettesnor for barnet for «kven er eg, kva slags verdi har eg og korleis kan eg vere saman med andre.?» ( Brandtzæg, Torsteinson, Øiestad, s. 16).

Tilknytning handlar om å gje barnet nærheit og tryggleik, men det handlar og om å hjelpe barnet med å handtere vanskelege følelsar og støtte barnet i utforsking og leik.


(Brandtzæg, Torsteinson, Øiestad, s. 15). Ei god tilknytning er stressreducerande. Den vaksne i barnehagen er ein viktig sekundær kontakt for barnet og må jobbe for å skape trygg tilknytning.

Tryggleikssirkelen handlar om bevegelsen mellom tilknytning og utforsking. Sirkelen fungerer som eit kart for å forstå barnet innanfrå. For å forstå barnet innanfrå må vi sjå oss sjølv utanfrå, ta

barneperspektivet. Vi må forstå korleis barnet har det inn i seg for å kunne anerkjenne barnet sine følelsar. Når barnet blir sett innanfrå vil det oppleve å bli sett, forstått og lytta til. Dette gjev tryggleik til barnet. (Brandtzæg, Torsteinson, Øiestad, s. 24)

1. Tilknytning; barnets avhengighet og behov for beskyttelse og omsorg
2. Utforsking; barnets sjølvstende og behov for å undersøke og meistre verda  
(Brandtzæg, Torsteinson, Øiestad, s. 17)

Stryn Bedriftsbarnehage brukar tryggleiksirkelen for å sjå og forstå barna. Vi brukar og modellen som eit viktig grunnlag i foreldresamarbeidet. Bruk av tryggleiksirkelen er eit viktig hjelpemiddel for å trygge barn og foreldre i tilvenningsperioden i barnehagen. Tilknytning tek tid og difor er det viktig å ikkje «stresse» tilvenning av nye barn, men fylgje og ta hensyn til barn og foreldre sitt behov for tryggleik og tillit. Det viktigaste i tilvenningsperioda er å skape gode relasjonar til barn og foreldre. Ein viktig føresetnad er då å bruke nok tid slik at vi kan bli godt kjent med både barn og foreldre.



(Circle of Security)

Den voksne skal alltid være: STØRRE, STERKARE, KLOKARE OG GOD

Når det er mulig: Følg barnets behov

Når det er nødvendig: Ta tak/ leiing

## 7. Barns medverknad (Barnehagelova § 3)

### § 3 Barns rett til medverknad og hensyn til barnets beste

Barn i barnehagen har rett til å gje uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet og i saker som gjelder dem selv. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet.

***I alle handlinger og avgjersler som gjelder barn i barnehagen, skal kva som er best for barnet, være et grunnleggende hensyn.***

Dette inneber at barn har rett (ikke plikt) til å gje uttrykk for eigne opplevinga og meninger rundt barnehagevirksomheten, herunder rett til deltaking i vurderingsarbeidet, medan personalet har plikt på å gje oppfølging.

Rammeplanen er tydelig på at **alle** barn skal kunne erfare å få medverknad over eige liv og det som skjer i barnehagen. Det uttales eksplisitt at barnehagepersonalet må observere og fylgje opp alle barns ulike uttrykk og behov. Dette gjelder også i tilfeller av utestenging og/eller andre former for krenkelser blant dei aller yngste barna.

Gjennom at voksne er medverkande saman med barn, lærer ein kva som motiverer og interesserer barna, og korleis barna lærer. Vaksne må vere **medskapande** saman med barna. Vaksne må forstå meininga med det som skjer rundt barnet. Dei vaksne må bygge opp under prioriteringar som barnet gjer. Stille spørsmål til barnet og få barnet til å undre seg over kvifor dei gjer som dei gjer.

Barn må få øve seg på sosiale ferdigheter saman med andre barn og voksne. Dette krev ei **aktiv vaksenrolle** og at den vaksne har ei klar retning på korleis samværet skal fungere.

Dess mindre barnet er, dess viktigare er det at den vaksne er i nærleiken og **guidar/ veiledar** barnet i sosiale situasjonar. Barnet må lære at handling har ein konsekvens for seg sjølv og andre.

Barns medverknad betyr ikkje at barnet skal gjere det dei har lyst til, eller at ein skal gje barnet val heile tida. Det handlar om å ta barnet på alvor og at barnet blir sett og forstått, og at deira intensjonar blir møtt med respekt og anerkjenning.

Det er viktig at barns medverknad blir sett i samanheng med tryggleikssirkelen sitt mantra der omsorgspersonen rundt barnet skal alltid skal vere større, sterkare, klokare og god, og at ein må følgje barnets initiativ når dette er mogeleg, men ikkje minst ta leiinga over barnet når det er nødvendig. Boka til Brandtzæg, Torsteinson og Øiestad er eit viktig teorigrunnlag for det pedagogiske arbeidet i barnehagen.

## 8. Planlegging og barns medverknad

Berit Aandera seier; «Barns tankar må **kome fram** før dei vaksne sine tankar». Det blir difor viktig å spørje barna før ein begynner på eit nytt tema. Vårt mål med aktivitetane må vere å ta utgangspunkt i dei erfaringane og den kunnskapen barn har frå før og utvide/ bygge på den kunnskapen.

- Kva tenkte du no ?
- Kva gjorde at du kom fram til det ?

Eit tema som har oppstått ut i frå barnas interesser kan difor ikkje alltid gjentakast. Barn og voksne har ulike perspektiv. Den vaksne må heile tida være på jakt etter **barneperspektivet**. Kva vil barnet når det henvender seg til den vaksne? For å kunne veilede må du kunne forstå det den andre forstår, og du må kunne ha evne til sette deg inn i andre sin situasjon.

Be barnet om å fortelje når det viser initiativ, eller interesse for noko. «Skal du møte barns medvirkning veit du ikkje kvar det endar» sitat Berit Aandera. Det som barnet kjem med, kan flettast inn i eksisterande planar og danne grunnlag for nye planar.

## **Barna skal være aktivt deltagende i sin egen kvardag**

Barns medverknad handlar om at barna skal vere aktivt deltagande i kvardagen. Barn må føle at dagane i barnehagen er meningsfulle og deltaking i ulike aktivitetar er ein viktig faktor i dannelsingsprosessen.

I barnehagen legg vi opp til dette blant anna gjennom ordenspersonsordninga der barna får vere ordensperson kvar sin dag. **Alt dei kan vere med på, skal dei vere med på.** Dette er sjølvstendig avhengig av alder på barnet, og det krev litt planlegging frå den vaksne i forhold til tilrettelegging. Ordenspersonsordninga, måltidet, matlaging, vasking er gode pedagogiske situasjonar som krev at den vaksne er påkopla og planlegg aktiviteten saman med barna.

### **Korleis gjer vi dette i kvardagen:**

- Barnet/ ordensperson skal vere med å finne fram det som trengs til måltidet og dekke bordet til hovud måltidet kl. 11.00 og 14.00. Måltids situasjonen er viktig med hensyn til språk og begrepslæring. Dette er viktig i alle aldrar.
- Barna skal gradvis lære å bli sjølvstendige for eksempel i matsituasjonen, ved påkledning og toalettbesøk. Det vil seie smøre på maten sin sjølv, forsyne seg sjølv ved middagsbordet, kle på seg rett klede for veret, meistre glidelås og liknande.
- Å ville vere sjølvstendig aukar etter alder, og vi må legge til rette for at dei kan meistre når dei er klar for det.
- Til måltidet på ettermiddagen får barnet være med å skjære frukt.
- Barna blir også involvert i gjeremål som rydding og vasking, og dei lærer å rydde etter seg etter måltida.
- Barn kan vere med på butikken å handle når det passar.
- Barna skal også ta del i hausting av bær og grønsaker i eigen hage.
- Vi legg også vekt på å legge til rette for at barna skal vere med å lage maten når vi har middag og elles når vi lagar mat i barnehagen.

*Kvar avdeling lagar ein plan for barns medverknad med utgangspunkt i alder på barna. Det er pedagogisk leiar sitt ansvar å sikre barn sin medverknad. Dette vil vere eit viktig punkt i foreldresamtalen i barnehagen då dette handlar om å fylgje opp det enkelte barn sin utvikling og danning.* Jamfør Barns medverknad s.10.

**Tilknyting og barns medverknad** vil vere ei viktig rettesnor i barnehagen sitt utviklingsarbeid, der målsettinga er å skape ein leikeklok barnehage med leikekloke vaksne. Gjennom utviklingsarbeidet ynskjer vi å legge til rette for meir leik i barnehagen utan for mange avbrot og overgangar. Leiken er den viktigaste aktiviteten for barna, og den må difor løftast meir fram som eit prioritert område. Dette får konsekvensar for korleis vi organiserer dagane våre i barnehagen der vi ikkje kan legge så mykje planer som vi tidlegare har gjort. Skal vi sikre barn sin medverknad på ein god måte og prioritere leiken må vi ta meir utgangspunkt i det som skjer her og no.

Dagen i barnehagen vil framleis ha gode rammer og struktur gjennom dagsrytmen slik som no. Barn treng struktur og rammer slik at dagane er forutsigbare. Dette skaper tryggleik både for vaksne og barn. Barn er forskjellige og for nokon barn med spesielle behov er behovet for kontroll og oversikt avgjerande for tryggleik, trivsel og utvikling. Her er det ekstra viktig med ein god dialog både med barnet og med foreldra slik at dagane i barnehagen blir gode.

## 9. Dagsrytme i Stryn Bedriftsbarnehage

Tid	Blåmann	Rødhette	Storavdeling
7.30	Barnehagen opnar. Leik og rolege aktivitetar Tidleg vakt tek i mot barn og foreldre i garderoben.	Barnehagen opnar. Leik og rolege aktivitetar. Tidleg vakt tek i mot barn og foreldre i garderoben.	Barnehagen opnar. Leik og rolege aktivitetar. Tidleg vakt tek i mot barn og foreldre i garderoben.
8.00	Frukost når barna kjem evt vente til mellom vakt	Frukost når barna kjem evt vente til mellom vakt kjem	Frukost når barna kjem
9.15	Samlingsstund/ gruppedeling	Samlingsstund/ gruppedeling	Samlingsstund/ gruppedeling
10.00	Gruppedeling kvar dag  Påklednad / Uteleik / Tur Leik Lesestund Formingsaktivitetar Tur til biblioteket	Gruppedeling kvar dag  Påklednad/ Uteleik/ Tur Leik Lesestund Formingsaktivitetar Tur til biblioteket	Gruppedeling kvar dag  Påklednad/ Uteleik/ Tur Leik Lesestund Formingsaktivitetar Tur til biblioteket
11.00 11.30	Måltid: Matsmøring, brødmåltid 3 dg, graut 1 dg, middag 1 dg. Ordensperson hjelper til	Måltid: Matsmøring, brødmåltid 3 dg, graut 1 dg, middag 1 dg. Ordensperson hjelper til	Måltid: Matsmøring, brødmåltid 3 dg, graut 1 dg, middag 1 dg. Ordensperson hjelper til
12.00	Bleieskift, potte/toalettbesøk, legging, lesestund/ kviling / forteljarstund	Bleieskift, potte/toalett, legging, lesestund/ kviling / forteljarstund	Lesestund/ kviling / forteljarstund
12.30	Pause tidleg vakt (ca tid )	Pause tidleg vakt	Pause tidleg vakt
12.30	Påklednad / Uteleik	Påklednad/ Uteleik	Påklednad/ Uteleik
13.00	Pause mellomvakt (ca tid)	Pause mellomvakt (ca tid)	Pause mellomvakt (ca tid)
13.30	Pause seinvakt ( ca tid )	Pause sein vakt ( ca tid)	Pause sein vakt (ca tid)
14.00 14.30	Måltid: Ordensperson hjelper til. Nistemat/ brød + frukt.	Måltid: Ordensperson hjelper til. Nistemat/brød + frukt.	Måltid: Ordensperson hjelper til. Nistemat/ brød + frukt.
14.45	Bleieskift, potte, toalett Uteleik eller inneleik alt etter årstid og vêrtilhøve.	Bleieskift, potte, toalett Uteleik eller inneleik alt etter årstid og vêrtilhøve.	Leik inne eller ute alt etter årstid og vêrtilhøve
16.45	Barnehagen stenger. Seinvakt seier hadet til barn og foreldre.	Barnehagen stenger. Seinvakt seier hadet til barn og foreldre.	Barnehagen stenger. Seinvakt seier hadet til barn og foreldre.

## 10. Organisering og progresjon i planarbeidet

Stryn Bedriftsbarnehage har tre avdelingar for barn i alderen 1-6 år. Dei fleste begynner i barnehagen rundt ettårs alderen og går i barnehagen til dei er seks år og skal begynne på skulen. Gjennom barnehagen sin årsplan synleggjer vi innhaldet i barnehagen. Det er viktig at alle barn opplever progresjon i innhaldet gjennom måten vi tilrettelegg ulike leike og læringsaktivitetar. Aktivitetane i barnehagen skal tilpassast både aldersgruppe og det enkelte barn. Det er difor viktig å tenke at ikkje alle behøver å være med på alt. Barnehagen skal skape ein progresjon i innhaldet og bidra til utfordringar for barna, slik at dei til ein kvar tid har noko å strekke seg etter. Opplevingar, aktivitetar og utfordringar skal auke i takt med alder og modning. Det er personalet sitt ansvar at progresjonen finn stad.

Stryn Bedriftsbarnehage har for barnehageåret 2025/2026 ei småbarnsavdeling, ei avdeling for 3 åringane og ei storbarnsavdeling for barn i alderen 4 og 5 år. 5 åringane, dei som har siste året i barnehagen kallar vi Storegruppa. Frå februar vil fokuset på overgang til skulen bli synleg gjennom samarbeidsaktivitetar med dei andre barnehagane og skulen.



## 11. Gode overganger – tilvenning

Det er viktig for barnet sin trivsel og tryggleik at vi har planer og rutiner på korleis ulike overganger i barnehagen skal foregå. Den første overgangen barn og foreldre opplever er når barnet skal begynne i barnehagen. Korleis oppstarten og tilvenningsperioden blir gjennomført er avgjerande for tryggleik til barn og foreldre. Sjå vedlagt planer for tilvenningsperioden.



Tilvenningsplan  
Stryn Bedriftsbarnef

### Overgang til ny avdeling

Den neste overgangen barna vil oppleve er skifte av avdeling. Her legg vi vekt på å informere foreldre godt på førehand slik at dei kan førebu barnet på skifte av avdeling. Både barn og foreldre treng trygge rammer. Dersom foreldra er trygge på situasjonen påverkar dette barna.

I tillegg til foreldremøte har vi tilvenningsperiode for barna som skal over på ny avdeling der dei får gjere seg kjent på ny avdeling og personalet som jobbar der. Dette foregår i mai måned der vi har ca to besøk/aktivitetar pr. veke.

Siste fredag i månaden har vi fellessamling og leik på tvers av avdelingane. Dette er ein fin måte for barn og personalet å bli kjent med kvarandre på tvers av avdelingane. Ei viktig målsetting for

barnehagen er at vi skal vere ein barnehage og fungere som ein heilskap, der dei tre avdelingane skal ha eit nært samarbeid.

### **Overgang frå barnehage til skule**

Stryn Bedriftsbarnehage har saman med Tønning og Vikalida barnehage eit godt etablert samarbeid med Tønning skule om overgangen frå barnehage til skule. Det er utarbeida eigen plan som gjeld for Tønning krins.

Gode prosedyrar for overgangen mellom barnehage og skule er viktig for å skape tryggleik og ein god skulestart for barna som startar på skulen.

Målet med planen for overgangen barnehage – skule er at alle barn skal få ein god skulestart og oppleve overgangen mellom barnehage og skule som positiv og trygg.

Planen har som mål å styrkje samanheng mellom barnehagen og skulen. Kunnskap og erfaringar frå barnehagen skal vere plattform for arbeidet i skulen dei første åra. Dette krev at barnehage og skule har gjensidig kjennskap til kvarandre sitt arbeid. Slik vil ein leggje til rette for eit heilskapleg opplæringsløp som tek omsyn til det einskilde barn sine behov.

Pedagogiske refleksjonar og menneskesyn vil være viktige faktorar i samarbeidet mellom barnehage og skule. Planen er utarbeida for å vise kva innhald, rutiner og møtepunkt som er gjeldande for at det skal bli ein best mogeleg overgang mellom barnehage og skule.

Barnehagane, skulane og dei føresette må vere i god dialog når det gjeld overgangen. Det inneber at alle «partar» kjenner til «Prosedyrar for overgang barnehage-skule» og at den er inkludert i andre planar.

Alle dei tilsette må kjenne til plan for overgang barnehage til skule då dette er eit arbeid som startar allereie når barna begynner i barnehagen. Alt heng saman, og vi skal steg for steg fylgje og støtte barna i sin utvikling.

## **12. Relasjonelle atferd**

Stryn Bedriftsbarnehage arbeider kontinuerleg med å utvikle den relasjonelle kvaliteten i arbeidet. Dette gjeld samarbeidet mellom personalet, foreldresamarbeid og korleis den relasjonelle kvaliteten er mellom barn/ voksen og barn/barn.

Vi jobbar med å ha ein felles forståing av relasjonell atferd og korleis atferda vår påverkar andre. Det handlar om å utvikle gode relasjonelle normer og relasjonell atferd som skal vere eit hjelpemiddel i arbeidet med god mellommenneskeleg atferd.

### **Dette handler konkret om:**

1. Korleis vi snakkar med kvarandre?
2. Korleis vi unngår å såre kvarandre?
3. Korleis vi forsterkar og utviklar vår relasjonelle atferd?

### **Målsetting for å utvikle ein relasjonell union er viktige føresetnader for eit godt arbeidsmiljø**

1. Auke trivsel og helse for barn og vaksne
2. Forbetre læringssituasjonar og pedagogisk leing

3. Hindre resignasjon og ekskludering
4. Hindre og forebygge mobbing og krenkelsar

(J. Spurkeland – Relasjonspedagogikk)



«Det eg opplever ved deg.  
Gøymer seg i hjartet mitt,  
og vert til mitt kart-over deg.»

(J. Spurkeland – Relasjonell atferd)

### 13. Likestilling og likeverd i barnehagen

#### Rammeplanen seier;

*«Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uanhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, reigion og livssyn.*

*Alle skal ha like muligheter til å bli sett, hørt og oppmuntret til å delta i felleskap i alle aktivitetar i barnehagen. Personalet må reflektere over sine eigne haldningar for å best muleg kunne formidle og fremje likeverd og likestilling.» ( R.s.10)*

Det handlar om likestilling og likeverd. Gutar og jenter er like mykje verdt og skal ha like moglegheiter. Gutar og jenter er ulike og mange av ulikskapane er knytt til biologisk kjønn. Det som er viktig er at ikkje jenter og gutar blir behandla ulikt på grunn av stereotype oppfatningar og haldningar av kva jenter og gutar skal gjere.

Forsking viser at ulike oppfatningar og forventningar om korleis menn og kvinner skal oppføre seg i samfunnet er noko av det som avgrensar mest den enkelte sin fridom til å velje. For barnehagen er det viktig at vi er bevisst korleis vi legg til rette leikemiljøet i barnehagen og at vi ikkje tilbyr jenter og gutar ulike ting på grunn av kjønn.

I barnehagen jobbar vi med likestilling og likeverd gjennom å tilby det same leikematriell til begge kjønn. Frå barna er små og går på småbarnsavdeling lærer vi om kroppen og det at vi ser ulike ut som jenter og gutar, men at dette ikkje skal vere begrensande på aktivitetar ein kan velje når ein er barn eller når ein blir ungdom og voksen.

#### I Stryn Bedriftsbarnehage ynskjer vi å jobbe med likestilling og likeverd ut i frå fylgjande målsettingar;

1. Jenter og gutar skal ha like utviklingsmuligheter i barnehagen.
2. Personalet skal vere bevisst på kva forventingar og krav vi stiller til jenter og til gutar.
3. Bevisstgjere personalet og foreldra si rolle og påverknad som rollemodellar.
4. Bli kjent med ulike yrker

### Korleis/ innhald;

1. Bedriftsbesøk
2. Gjennom leseaktivitetar og fortellingar
3. Gjennom leik og drama/ utkledding/ kostymer
4. Gjennom tilrettelegging av leikemiljøet

### Refleksjonsspørsmål i arbeidet med likestilling og likeverd:

1. Er det forskjell på korleis du snakkar til ei jente og ein gut?
2. Om du gjer det, har du reflektert over kvifor du gjer det?
3. Kva leikematriell legg du til rette for jenter?
4. Kva leikematriell legg du til rette for gutar?

## 14. Mangfald og likeverd

Mangfald som ressurs (RP). Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsette og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barnehagen skal bidra til at alle barna føler seg sett og anerkjent for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet. Mangfald omfattar mange område som f.eks likestilling og likeverd, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motvirke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.

### I Stryn Bedriftsbarnehage jobbar vi med mangfald og likeverd ved å ha fokus på:

1. Alle barn skal oppleve å ha verdi for fellesskapet og være i positivt samspel med andre barn og vaksne.
2. Mangfald skal verdsettast og fremjast gjennom å forsterke styrkane til barn og synleggjere ulikskap på ein positiv måte.
3. I barnegruppa har vi fleire nasjonalitetar og vi legg vekt på at barn og foreldre skal oppleve at deira kulturbakgrunn er viktig for oss å vite noko om.
4. Vi markerer nasjonaldagen til dei ulike landa som er representert i barnehagen.
5. Vi arrangerer Kulturkafe der hovudfokus er mangfald og likeverd.



## 15. Leik og leikemiljø

### Rammeplanen seier;

*«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og leikens eigenverdi skal anerkjennast. Barnehagen skal gje gode vilkår for leik, venskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for barnas utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling.» (R.S.20)*

I følgje rammeplanen skal alle barn kunne erfare å være betydningsfulle for fellesskapet og å være i positivt samspel med barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt legge til rette for utvikling av venskap og sosialt fellesskap.

Det å ha god leikekompetanse gjev barnet forutsetningar for å kunne ta kontakt med andre for leik, og for å kunne holde seg i leiken over tid. Leiken er en viktig del av barnekulturen. Barn lærer av kvarandre og det at barn med ulike alder er saman, gjer at barnekultur overførast.

Leik må lærast, og dette skjer først og fremst ved å vere saman med andre barn. Barn er ulike og nokre barn treng ekstra støtte og tilrettelegging frå voksne for å utvikle leikekompetanse. Bevisste leikekloke og «påkopla» voksne med god kompetanse på leik er avgjerande for at barn skal utvikle leikekompetanse.

### **Aktiv vaksenrolle**

For at barnehagen skal ha eit godt leikemiljø for alle, har dei voksne eit viktig ansvar og rolle i leiken.

- Organisere rom, tid og leikematriell for å inspirere til ulike typar leik
- Bidra til at barna får felles erfaringar som grunnlag for leik, og legge til rette for utvikling av leiketemaer
- Fremje eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik, og erfare glede i leik
- Observere, analysere, støtte, delta i og berike leiken på barnas premisser
- Veilede barna viss leiken medfører uheldige samspelsmønster
- Vere bevisst på og vurdere eigen rolle og deltaking i barna sin leik
- Ta initiativ til leik, og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken  
(Rammeplan s. 20-21)

Stryn Bedriftsbarnehage har utarbeida ein plan for inkluderande barnehagemiljø. Planen omtalar vaksenrolla i forhold til leike og læringsmiljø.

Vi har og utarbeida beste praksis i forhold til inkluderande barnehagemiljø med fokus på dei voksne si rolle der vi har spesielt fokus inn mot det fysiske leikemiljøet.

## **16. Utviklingsarbeid - Inkluderande leikemiljø**

Stryn Bedriftsbarnehage har jobba med leikemiljøet gjennom fleire år. Likevel har vi ikkje oppnådd den endringa vi har ynskt. Vi har erfart at dette skuldast manglande felles rammer for arbeidet og felles teorigrunnlag for endring. Likevel har vi gjort mykje og har lært mykje på vegen. Vi kan nemnde fylgjande område som vi spesielt har jobba med.

- Leikekloke voksne, som er nær og påkopla
- Rommet den 3. pedagog. Korleis organiserer vi rommet/ avdelinga?
- Barn klarer sjølv – la dei få lov til det – barns medverknad – korleis sikrar vi dette?
- Ta utgangspunkt i barna sine interesser, udefinert leikematriell, naturen, fantasien, kome seg ut av A4 ramme. Gjere ting anleis.
- Nok leikar til alle, sansekasse, voksne som legg til rette for leik
- Barne tv – kva ser barna på ?
- La barna få bruke fantasien i leiken
- Todler leik – korleis leiker dei minste barna?
- Nytt «Utstyr/ leikar» som f.eks presenning og tepper

- Ombruk
- Byte ut leiker, konstruksjonsleikar, progresjon i leiken
- Sortere leiker, la leiker som barna har laga få stå, snekring, dynamisk leik, regel leikar, gå på tur til nye plassar, sortering, grønne kasser lagt på eit bord med udefinerte matriale til kreativ bruk
- Hugs på organisering, kva med matpause når ein er på tur, ikkje møte den dagen, samarbeid mellom avdelingane, faste dagar for tur.

Målsetting med utviklingsarbeidet er å bli ein leikegod barnehage med leikekloke vaksne som skaper eit inkluderande leikemiljø. Viser her til Terje Melaas som seier;

*«Gjennom flere år har jeg undersøkt hvordan barn blir støttet til å leke. Da har jeg sett at det er noen barnehager som skiller seg ut. Når disse barnehagene har samlingsstunder og prosjekter så er det fordi det skal gi en idé, en impuls til leken. Man samles ikke ved en tilfeldighet. Samlingsstunden, overgangssituasjonen eller prosjektet skal ha en betydning for leken, sier han og fortsetter: Noe annet jeg finner i disse lekegode barnehagene er at det er veldig mye tull og tøys. I tillegg er det et kollektiv av ansatte som går inn og ut av roller og som er med på barnas lek. Ikke på en sånn måte at de blir underholdningsbrikker eller forstyrrer barnas lek, de deltar på en måte som gjør at barna får mulighet til å få en enda mer selvstendig lek».*

#### **Faglitteratur/teori for utviklingsarbeidet**

- Kompetansepakken UDIR om Leik
- Bok: Barn er budbringere v/ Line Melvold
- Bok: Livsmestring i barnehagen v/ Line Melvold
- Med blikk for lek v/ Terje Melaas
- Lek og inkludering i barnehagen v/ Kari Pape

Bøkene skal brukast som teorigrunnlag i tillegg til kompetansepakken.

### **17. ASK – alternativ og supplerande kommunikasjon**

Stryn Bedriftsbarnehage har saman med dei andre barnehagane i Stryn starta eit utviklingsarbeid for å heve kompetansen på bruk av ASK i barnehagen. Arbeidet vart sett i gang etter initiativ frå PPT (pedagogisk, psykologisk teneste) med utgangspunkt i at Stryn kommune manglar ein kommunal plan for ASK. Utviklingsarbeidet er eit samarbeid med Statped som er fagleg rådgjevar for arbeidet. Det er nedsett ei styringsgruppe som skal leie utviklingsarbeidet. I tillegg er det nedsett ei nettverksgruppe som består av ein frå kvar barnehage. Den som sit i nettverksgruppa skal vere kontaktperson inn mot sin arbeidsplass og samarbeide med styringsgruppa.

ASK er utarbeida for at barn, unge og vaksne skal kunne uttrykke seg og kommunisere med andre. Eit overordna mål er at alle som bruker ASK, uavhengig av alder eller funksjonsnivå skal kunne kommunisere kor som helst, når som helst, om kva som helst og med kven han eller ho sjølv vil. Stryn Bedriftsbarnehage har gjennom barnehageåret 2024/2025 heva kompetanse til personalet gjennom e-læringskurs laga av Statped.

Stryn Bedriftsbarnehage ynskjer at ASK skal vere tilgjengeleg for alle barn. Dette blir gjort gjennom bruk av dagsplan for alle barn om morgonen og i samlingsstund. I tillegg har alle i personalgruppa på seg nøkkelknippe med ulike ASK bilder som viser kjensler, overgangar og begrep som barnet treng i kvardagen. Fordelen med å ha ei nøkkelknippe med bilder er at det er lett tilgjengeleg, at du får hjelp

til å forstå barnet, eller at barnet får hjelp til å uttrykke seg. Bruk av ASK skal ikkje erstatte talespråket, men brukast saman.

Språk vert utvikla i fellesskap med andre. Ut i frå eit sosiokulturelt perspektiv vil ein vere oppteken av at det er i samhandlinga mellom fleire at kommunikasjon oppstår og språk lærast (Lyngseth & Andersen, 2022, 2. 109). ASK er eit universelt språk og ASK lærast på same måte som talespråk, ved at ein nyttar det i naturlege og meningsfulle samanhengar. Barnet er avhengig av å vere i eit språkmiljø som nyttar det språket barnet skal lære.

Stryn Bedriftsbarnehage ynskjer ASK inn i det ordinære tilbodet og ser på dette som tidleg innsats og er eit viktig reiskap for å få eit inkluderande fellesskap.

## 18. Livsmestring og helse

*«Barnehagen skal ha ein helsefremjande og forebyggande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barns psykiske og fysiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal forebygge krenkingar og mobbing. Om barnet opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp».* (Rammeplanen s. 11, 2017)

Visjonen til Stryn Bedriftsbarnehage er at alle skal bli sett, forstått og lytta til. Ein føresetnad for å få til dette er at barnehagen har eit inkluderande miljø på alle plan. Arbeidet med relasjonar er viktig i arbeidet med å forebygge mobbing og oppdage mobbeatferd i barnehagen.

Stryn Bedriftsbarnehage har gjennom studiet barnehagemiljø og krenkelsar utarbeida ein plan for inkluderande barnehagemiljø. Planen har fokus på tre hovedområder som alle er nødvendige for at vi skal lukkast i arbeidet.

- A) Undersøke og analysere
- B) Handtere krenkelser
- C) Fremje miljø og forebygge krenkelser



Plan Inkluderande  
barnehagemiljø (Auto barnehagemiljø.docx)



Aktivitetsplan

### Steg for Steg

Stryn Bedriftsbarnehage har brukt sosial kompetanse programmet Steg for Steg sidan 1997. Dette programmet kan brukast for barn i alderen 1-6 år. Den grunnleggande drivkrafta i arbeidet med Steg for Steg er å bygge vidare på det positive barna gjer i staden for å fokusere på det negative.

For 1-3 åringane er målsettinga å kunne kjenne igjen og sette ord på kjenslene og å vise medfølelse og omtanke for andre.

For 3-6 åringane er opplegget delt inn i tre deler.

## Del 1. Empati;

- Å kjenne igjen kjensler ut frå ein rekke fysiske (ansikt, kroppsspråk) og situasjonsavhengige teikn.
- Å forstå at kjensler endrar seg og kvifor dette skjer.
- Å forstå at mennesker kan ha ulike kjensler for den same situasjonen.
- Å utrykke omsorg, omtanke og medkjensle for andre.
- Å skilje bevisste handlingar frå uhell.
- Å forutsjå kjensler
- Å formidle kjensler ved hjelp av «Eg» – budskap og lytte aktivt til ein annan person.
- Å forstå at mennesker kan ha ulike ynskjer og behov.



## Del 2. Mestring av sinne

Utvikle evnene til å kjenne igjen og moderere sinnereaksjonar ved ;

- Å kjenne igjen fysiske teikn som varslar sinne
- Å bruke teknikkar for å roe seg ned
- Å handtere sterke kjensler på måtar som ikkje skadar andre.
- Å akseptere konsekvensar
- Å forhalde seg til skuffelsar
- Å forhalde seg til frustrasjon



## Del 3. Problemløysing

Gje alternative måtar å handle på når vi skal løyse eit problem ved å;

- Bruke ein metode for problemløysing i sosiale situasjonar
- Trene på sosiale ferdigheter
- Å få bli med i leiken
- Å be om hjelp på ein positiv måte
- Å dele
- Å byttelåne
- Å bli enige



**Se meg!**

Buster og Snegle er to figurar som er med på nokre av samlingane. Buster er tøff og uredde og Snegle som er litt meir forsiktig av seg akkurat slik som barna kan vere.

## START

I tillegg har vi sidan 2013 brukt programmet **START** som skal vere eit supplement til Steg for Steg. Programmet omhandlar tema som kjensler, tilknytning og samspel og passar godt for barn som er 1-3 år.

*«Start er eit verktøy som gir barnehagen mulighet for å støtte de yngste barna i deira sosiale og emosjonelle utvikling på en strukturert måte. Denne utviklinga går hand i hand med språkutviklinga. START er også eit språkutviklingsverktøy for sosiale og emosjonelle begreper.»*

## Nelly og Hamza

Stryn Bedriftsbarnehage brukar og bokserien «Nelly og Hamza» som handlar om de to barnehagebarna Nelly og Hamza. Bøkenes fortellingar introduserer barna for grunnleggande begrep og ferdigheter i temaer som følelsar, former, tall, munnmotorikk og farger. Dette brukar vi som eit supplement til Steg for Steg både med dei minste og dei eldste barna i barnehage

(Elektronisk Undervisningsforlag AS)



## Psykologisk førstehjelp

For dei eldste barna bruker vi og psykologisk førstehjelp i arbeidet med å utvikle empati, problemløysing og meistring av sinne. Programmet går ut på å forstå følelsar og hjelpe barnet til å finne strategiar for å kunne handtere vanskelege situasjonar.

Hjelpemiddel er blant anna to bamsar. Desse symboliserer raude og grønne tankar, der dei raude er vanskelege tankar og følelsar og dei grønne er dei løysningsorienterte gode tankane.

## Grønne tankar – glade barn (utarbeida av Solfrid Raknes)

### Formål


- Utvikling av godt språk for kjenslar
- Kommunikasjon om vanskelege situasjonar og sterke kjenslar
- Utvikling av sjølvreguleringsferdigheter og gode haldningar til seg sjølv og andre

### Målgruppe

- barn 4-7 år og foreldre
- Barnehagar
- Hjelpeteneste som bistår barn med behov for ekstra oppfølging

### Bruksområder

- Kan brukast for alle barn
- Kan også brukast for å hjelpe barn som viser teikn til engstelse eller problemsinne



## 19. Psykisk helse

«Fokus på trygghet og det emosjonelle samspillet bør være et prioritert område i barnehagen, da en god emosjonell utvikling hos barnet legger grunnlaget for god sosial og kognitiv utvikling og kan således bidra til barnets senere skolefungering.» (Drugli,2011; Ogden,2015).

Psykisk helse i barnehagen handler om barnas trivsel, følelser og tanker. Å hjelpe barnehagebarn til å oppdage sammenhenger mellom situasjon, kjensler, tanker og handlinger er meir viktig for å fremje barnets utvikling enn eksempelvis grunnleggande kunnskap om årstidene og verdensrommet.

(Artikkel psykologisk kunnskap for barnehagebarn Raknes, Johansen, Tørnes, Håvardstun, (2016).

Vi har erfart at foreldre kan velje enkle løysingar for å unngå at barnet skal gråte eller blir sint. Mange foreldre synest det er vanskeleg når barnet gråter og prøver å unngå dette i stor grad. Konsekvensen av dette kan vere at barnet ikkje lærer å møte motstand. Ingen går gjennom livet utan å møte hindringar i vegen. Det viktige blir difor å gje barnet redskap til å greie å handtere motgang og til å mestre livet det møter. Kommunikasjonsferdigheter og følelsesregulering er viktige område å jobbe med for å utvikle robuste barn som er trygge på seg sjølv, og som utviklar empati, omtanke og forståelse for andre menneske. For at barn skal bli robuste treng dei sensitive, empatiske vaksne som forstår og støttar barnet når det har det vanskeleg.

### Skap en trygg base

- Barn treng voksne som trøster dei, helde dei og tåle deira store og små problemer,
- Barn må frå dei er heilt små oppleve tilliten og tryggheten som lære dei at her kan eg vere, her har eg det bra.
- Barn treng trygge og forutsigbare voksne.
- Trøst barnet når det er redd – sjølv om barnet har gjort noke det ikkje hadde lov til.
- Møt barnet på følelsen, ikkje adferden.

### Vær en flokk

- Barn treng å kjenne at dei er ein del av gruppa – at dei høyre til. Derfor er det viktig med felles fokus og rutiner.

### Bekreft barnet

- Barn må oppleve at følelsane deira blir forstått og bekrefta – og at dei får hjelp til å handtere dei sterke følelsane sine, som dei sjølv ikkje forstår enda.
  - Ingen følelsar er farlige.
  - Ingen følelsar er feil eller ikkje lov.
  - Kople deg på barnet sin følelse og vis forståelse – sett navn på det dei opplever.
- Barn treng å lære å sette ord på det som skjer inni dei og rundt dei.
- Lytt til barnet og forsøk å forstå kva det faktisk føler – hjelp det på vegen vidare ut av følelsen. Hvis ikkje, lærer barnet å tvile på egne følelsar.

### Barn trenger å møte motstand

- Barnet trenger å oppleve at livet går opp og ned.
- Det er naturleg å ville beskytte dem for alt som er vondt – men det er ikkje nokon god ide.
  - Livet er fullt av konflikter og misforståelser – heilt frå vi er små.
  - Barna trenger å bli førebudd på livet slik det er – fullt av opp og nedturer.

- Sjå på konflikter og triste opplevingar som ein god ting – det er då ein kan finne løysningar– og barn treng kunnskap om korleis løyse konflikter – det vil dei trenge seinare i livet.
- Ro, tålmodighet og åpenhet

**LEV MED BARN – IKKJE FOR DEM og hugs at Robuste barn krev Robuste vaksne.**

## **20. «Det er min kropp» – seksuelle overgrep mot barn**

Dette er eit viktig tema for å forebygge seksuelle overgrep. Målsettinga er å få barn så tidleg som mogeleg til å bli trygge på seg sjølv og eigen kropp, og få ei haldning til kva som er rett og gale. For å forebygge og hindre seksuelle overgrep må vi tore å snakke om det sjølv om det er ubehageleg. Vi fokuserer på tema kropp med alle barna, men har ulik vinkling i forhold til alder på barna og sjølv sagt kor omfattande vi vel å gjere det. Vaksne som sjølv har opplevd å bli seksuelt misbrukt i barndomen har sagt; «Kvifor var det ikkje nokon som fortalte meg at vaksne ikkje har lov til å gjere dette mot barn». I forhold til dei eldste barna vil vi og ha eit samarbeid med politiet som vil bidra inn i det viktige forebyggjande arbeidet. Barnehagen skal bidra til at barna blir kjent med kroppen sin og utviklar kjennskap om egne og andre sine grenser.

### **Hjertesamling**

Smiso (senter mot incest og seksuelle overgrep mot barn) har utarbeida eit veiledningsprogram til bruk i barnehage.

- Gjev barn kunnskap om 5 tema som **ALLE** barn burde lære om i barnehagen.
- Metode utvikla for å gje barna språk og verktøy for å kunne fortelje om det som er vanskeleg.
- Forebyggjande tiltak mot vald og overgrep – viktig for at barn skal forstå kva som er rett og galt.

### **Følgjande tema:**

1. Berøring
2. Følelsar
3. Mobbing
4. Hemmelegheiter
5. Kroppen



### **Hjelpeverktøy**

Snakkmedbarn.no – snakkesimulator (spill) RVTS

Jegvet.no – Salaby. Valdsforebygging og livsmestring i barnehage og skule.

Lille store hjerte (serie på nrk tv)

Filmene om Mara – RVTS Øst sine nettsider (Anton Alarm, Sara følelsar og Tore Tenke)

Redd barna, jeg er her – Kroppen min eier jeg - og læringsverktøy.

Barnehagepakken til Stine Sofie Stiftelsen

## 21. Fagområder i Rammeplanen

### Kommunikasjon, språk og tekst

**Rammeplanen seier;** « *Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påvirker og påvirkes av alle sider ved barnets utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medvirke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsette barnas ulike språk og kommunikasjonsuttrykk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og alle barn skal då delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og helhetleg språkutvikling.*» (R. s.23-24)

#### Vaksne sin rolle i språkstimulering som språkmodell

Dei vaksne må være bevisste på korleis dei sjølve brukar språket og tenkje over rolla ein har som språkmodell for barna.

Er eg god til å artikulere orda ? Er eg flink til å bruke heile setningar? Har eg eit ordrikt språk? Er eg flink til å setje ord på handlingar saman med barna ? Brukar eg ord som barna forstår ? Forklarar eg orda for barna? Let eg barnet få fortelje sjølv? Les eg med barnet og ikkje for barnet, jamfør dialogisk lesing. Er eg god til å lytte til det barnet seier ? Bekreftar eg det barnet seier ved å ta opp igjen setningar ? Svarar eg på det barnet spør om ? Oppmuntrar eg barnet til å bruke språket i ulike situasjonar ? Let eg barnet setje ord på handlingar ?

#### I språkarbeidet har vi tilgang til språkløyper som er eit pedagogisk språkmatriell utvikla av Lesesenteret i Stavanger

Link: <https://sprakloyper.uis.no/>

Forskning viser at barn med språkvanskar er mindre i leik, og trekker seg oftare vekk frå sosialt krevjande situasjonar (McCabe og Marshall, 2006). Barn som har språkvanskar trekker seg frå situasjonar dei ikkje meistrar. Barn som er flinke til å leike rolleleik blir betre, medan dei som er svake unngår situasjonen.

For å sikre eit godt språkmiljø for alle barn fører vi **leselogg** slik at sikrar at alle barn blir lest for. Vi kartlegg barnet si språkutvikling gjennom å bruke TRAS-skjema frå det året barnet fyller 2 år. Gjennom TRAS-skjema får ein god dokumentasjon på utvikling og ein oppdagar tidleg korleis ein best kan stimulere det enkelte barn sin språkutvikling.

**Dialogisk lesing** som metode for fordjuping og undring kring språket er eit viktig virkemiddel i arbeidet. Samtalen/ dialogen med barnet er her det viktigaste virkemiddel for læring.

**Aktiv og bevisst bruk** av bøker alt etter tema eller bøker etter interesse til barnet/ barna.

### **Stryn Bedriftsbarnehage skal ha ein «Kultur for lesing»**

Bruk av bøker i det pedagogiske arbeidet med barna er viktig for utvikling av språk og kommunikasjon. Det er ein samanheng mellom leseaktivitetar og språkstimulering. Barn lærer språk i samspel med andre, i situasjonar der språk og handling har ein funksjon saman. Dei vaksne i barnehagen skal legge til rette for aktivitetar som inviterer til språkleg samspel, som høgtlesing, fortellingar, samtaler, lek med skriftspråk, rim, regler og spel.

- Gjennom å lese bøker skal vi gje barna gode lesevaner og gjere barnet nysgjerrig på tekst.
- Gjennom å lese bøker legg vi til rette for at barnet tileignar seg kunnskap om skriftspråket. Det er viktig at barnet tilegner seg dette før den formelle leseopplæringa i skulen tek til.
- Gjennom å lese bøker vil barnet sjå verdien av å kunne lese og skrive, og bygge opp forventningar og motivasjon til sjølv å lære.
- Gjennom å lese bøker og jobbe med tekst kan vi legge til rette for positive haldningar til lesing og skriving, og gje barnet gode erfaringar med lesing og skriving.
- Dei vaksne skal legge til rette for leseaktivitetar for alle barn i barnehagen uansett alder, modning, interesse og motivasjon.



### **Permen min**

- Kvar barn får ein perm når dei begynner i barnehagen. Denne permen skal fylgje barnet heile barnehagetida.
- Permen skal være ei minnebok frå barnehagetida og skal vise aktivitetar, opplevingar som barnet har hatt i barnehagen og heime.
- Permen skal vise korleis barnet har utvikla seg. Dette viser ein gjennom teikningar, bilete og gjennom å skrive ned viktige ting som har skjedd gjennom året.
- Permen skal i barnehagen brukast som utgangspunkt for samtale mellom ein vaksen og barnet.
- Bruk av permen kan og gje gode samtaler mellom barna og mellom barn og vaksne.

### **Språkposen**

- Vi brukar "språkposar" i språkstimuleringa. Her er det kunn fantasien som set grenser for korleis du kan bruke den.
- Viktig å skape ei ramme rundt, som gjev forventningar til at det skal skje noko spennande.
- Gjennom språkposane lærer barna nye begrep.
- Samle korte, lange ord. Samle rare ord.
- Språkposen er fin også til å bruke til å jobbe med matematikk med antall, størrelsar, ulike former og fargar.
- Språkposen kan innehalde mellom anna ulike dyr der barna får trekke kvar sin gang, så fortel eller syng vi om dyret barnet har trekt.

### **Samarbeid med biblioteket og bruk av bøker**

- Vi har eit godt samarbeid med biblioteket gjennom året. Barnehageåret 2024-2025 var vi med i eit pilotprosjekt for å auke lesing blant dei minste barna. Dette var gjennom prosjektet

«Berenettbibliotek» der vi la til rette for ei utlånsordning der foreldre og barn kan låne bøker i barnehagen. Dette var ein stor suksess og vi er heldige som kan tilby dette til foreldre og barn også for barnehageåret 2025/2026.

- I tillegg lagar biblioteket til temakasser med bøker etter våre ynsker.
- Vi deltek på lesestunder på biblioteket eller dei tek med seg bøker og kjem å les for oss i barnehagen.
- Samarbeidet med biblioteket og fokus på bøker skal skape forventning og interesse for bøker, og bidra til leselest.
- Vi nyttar biblioteket minimum ein gong i månaden.
- Det er viktig at den voksne kjenner bøkene som dei presenterer for barna. Dette for å kunne legge til rette for undring, læring og aktivitet både i samling og i leiken til barna.



### **Mengde, rom og form**

«Fagområdet handler om å oppdage, utforske og skape strukturar og hjelpe barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal synleggjere samanhengar og legge til rett for at barna kan utforske og oppdage matematikk i daglegliv, i teknologi, natur, kunst og kultur og ved selv å vere kreativ og skapande.» (R. s. 53) Gjennom arbeid med mengde, rom og form skal barnehagen bidra til at barna

- Oppdagar og undrar seg over matematiske samanhengar
- Utvikler forståelse for grunnleggende matematiske begrep
- Leiker og eksperimenterer med tall, mengde og telling og får erfaring med ulike måter å utrykke dette på.
- Erfarer størrelser i sine omgivelser og samanliknar desse
- Bruker kroppen og sansene for å utvikle romforståelse
- Undersøker og gjenkjenner egenskaper ved former og sorterer dei på ulike måter
- Undersøker og får erfaring med løysing av matematiske problem og opplever matematikkglede. (Rammeplanen s. 53)




### **Matematikk- leik i barnehagen;**

I Stryn Bedriftsbarnehage let vi matematiske begrep være ein del av kvardagen både i leik og praktiske gjeremål. Dei vaksne er beviste på kva begrep ein bruker, som for eksempel: «Kan du hente den raude, firkanta puta» i staden for «Kan du hente den pute der borte».

I det daglige bruker vi matematiske begrep på former, antall, plassering (over, under, bak, ved sidan av), meir enn og mindre enn, motsetningar (stor/liten, kort/lang) osv.

For å arbeide med mengd, rom og form treng ein ikkje så mykje materiell – det finst rundt oss alle plassar, vi må berre sjå det, være beviste og nytte dei matematiske begrepa i kvardagen.

Barnehagen har kjøpt inn materiell som stimulerer barna til å bruke sin matematiske kunnskap og nysgjerrighet. Ved bruk av dette materialet er dei vaksne si tilrettelegging som er viktig. Dei vaksne må undre seg saman med barna, stille spørsmål og være lydhøre.



### **Kunst, kultur og kreativitet**

**Rammeplanen seier;** *«I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna anledning til utforsking, fordypning og progresjon.»*

*«Fagområdet omhandlar uttrykksformer som biletkunst og kunsthandverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design.» ( R.s.50-51)*

Gjennom arbeid med kunst, kultur og kreativitet skal barnehagen bidra til at barna;

- Har tilgang til ting, rom og materialer som støttar opp om deira leikande og estetiske uttrykksform
- Tek i bruk fantasi, kreativ tenking og skaparglede
- Bearbeide inntrykk og følelsar i møte med kunst, kultur og estetikk gjennom skapande virksomhet ute og inne.

Som med dei andre fagområda er det viktig at vi knyter dei til leikprega aktivitetar. Når barn skal skape er det spesielt viktig at vi tenker barns medverknad. Det er barna som skal lage «produkta» ikkje dei vaksne. Prosessen fram til eit ferdig produkt er like viktig som det ferdige produktet. Barnet skal kjenne på meistring, men og kunne tore å utfordre seg sjølv litt. Den voksne må fungere som eit «støttande stillas» for barnet.

### **Kropp, rørsle, mat og helse**

*«Vaner og handlingsmønster tek form allereie i tidleg alder. Gode vanar som tileignast i barnehagealder, kan vare livet ut. Barnehagen skal legge til rette for at alle barn kan oppleve bevegelsesglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse.» (R.s.49)*

Vidare seier Rammeplanen at barn skal inkluderast i aktivitetar der dei kan få bevegelse, leik og sosial samhandling og oppleve motivasjon og meistring ut frå egne føresetnader. Heim og familie har det grunnleggande ansvaret for barnet sitt kosthald, men fordi så mange måltid inntas i barnehagen, har barnehagen stor innverknad på barnas matvaner, kosthald og helse.

Sosial og helsedirektoratet har utarbeida retningslinjer for mat og måltid i barnehagen. Retningslinjene bygger på gjeldende tilråding for ernæring. Barnehagen skal ifølge rammeplanen og barnehagelova bidra til at barna tileigner seg gode vaner, haldningar og kunnskap når det gjelder kosthald, hygiene, aktivitet og kvile. Arbeidet med mat og måltider i barnehagen bør skje i nær forståing og samarbeid med barnas heim, og det bør forankrast i barnehagens årsplan (*Jamfør retningslinjer Sosial og helsedirektoratet*).

Stryn Bedriftsbarnehage skal dette året ha eit ekstra fokus på mat og helse og vil bruke tid både på foreldremøte, foreldresamtaler og saman med barna i det daglege arbeidet. Mat og helse vil i det pedagogiske arbeidet vere knytt til fagområda *Språk, tekst og kommunikasjon, Kropp, rørsle, mat og helse, Mengde, rom og form og Kunst, kultur og kreativitet*.

**Plan for kosthald, helse samt bursdagsmeny finn de på barnehagen sin nettside.**



### **Natur, miljø og teknologi**

*«Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for naturen og barna sin vilje til å verne naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling. Barnehagen skal bidra til å barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg i naturen til ulike årstider.»(R.s.52)*

Rammeplanen seier;

- Personalet skal legge til rette for mangfaldige naturopplevingar og bruke naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring.
- Personalet skal gi barna tid og høve til å stille spørsmål, reflektere og lage eigne forklaringar på problemstillingar og til å delta i samtaler om det dei har erfart og opplevd.

Berekraft er eit viktig satsingsområde både lokalt og nasjonalt og vi ynskjer å bidra i dette arbeidet. Barn og ungdom er framtida og det er viktig at vi allereie i barnehagen rettar fokuset mot korleis vi kan utvikle eit berekraftig samfunn. Vi ynskjer å rette fokuset på samspelet mellom menneskeleg åtfærd og naturen og korleis vi kan utnytte ressursane vi har på ein god måte.

### **Vi ynskjer å ha fokus på fylgjande område:**

Naturen som leikeplass. Korleis bruke naturen, Undre oss saman med barna, film som læringsmiddel, byte leikar istadenfor å kjøpe nytt, mindre fokus på fysiske leikar, årshjul på månadsplan i forhold til berekraft f.eks hausting. I tillegg har vi fokus på fylgjande områder;

- Allemannsretten – kva er det?
- Rolla til insekta i naturen. Alle kan gjere litt for at miljøet skal bli betre.
- Så, rydde og rake, kompostering, lage jord av matavfall, kle som er til overs
- Sjøppelsortering, alltid posar og hanskar i sekken, vere førebudd når ein skal på tur
- Barns medverknad
- Smake på ulike ting
- Meir ombruk i leik
- Kreative prosessar



## 22. Frå «Beste praksis» til lokalt utviklingsarbeid

Arbeidet med «Beste praksis» har vore jobba med sidan 2015 og er eit leiingsprogram «Leiing og kvalitet». Programmet har omfatta alle barnehagane i kommunen og det har vore avdelingsleiar for barnehage som saman med styrarane har leia arbeidet. Etter ei grundig evaluering våren 2023 avslutta vi dette leiingsprogrammet. Arbeidet blir vidareført gjennom lokalt utviklingsarbeid i den enkelte barnehage. Sjølv om programmet er avslutta er det viktig at vi tek med oss arbeidsmåtar frå leiingsprogrammet.

*Målsettinga er å jobbe systematisk med kvaliteten i barnehagen ved fokus på det fagleg pedagogiske arbeidet. Vi skal utvikle profesjonelle medarbeidarar som er bevisst måten ein jobbar på, og som kontinuerleg jobbar med å utvikle og forbetre praksis.*

### Kriterium for val av utviklingsarbeid

Krav og forventningar frå omgjevnadane er med å styre val av utviklingsarbeid (departementet, kommunen, brukarane/foreldra). Vi må heile tida vurdere kva som er viktig å halde merksemda retta mot. Det er viktig å knytte val av fokustema til ulike styringssignal som lovverk, rammeplan, stortingsmeldingar, kommunedelplan for oppvekst og barnehagen sin egne målsettingar, visjon og verdigrunnlag.

### **Fokus på den enkelte medarbeider er knytta til;**

- Mestring, arbeidsglede og det å prestere bedre
- Roller og rolleforståelse
- Myndiggjering og ansvarleggjering – jobbe meir sjølvstendig
- Tydelig krav og forventningar
- Alle må bli sett
- Alle må være med.



*«Kvalitet oppstår når medarbeidare gjer dei rette tinga på den rette måten kvar gong».*

Stryn Bedriftsbarnehage har utarbeida 10 område for «Beste praksis». Desse områda er styrande for pedagogisk praksis ved dessa aktivitetane og alle er forplikta til å arbeide etter desse indikatorane. Beste praksis blir presentert på den enkelte avdeling, samt at dette ligg på nettsida til barnehagen.

## 23. Kvalitet i kvardagsaktivitetar og rutiner

Korleis dei vaksne opptre i møte med barn og foreldre bestemmer kvaliteten på tilbudet. Dette er ein felles praksis som alle som arbeider i barnehagen må fylgje.

### Mottakssituasjonen om morgonen;

- Barn og foreldre skal bli møtt i garderoben av ein blid og imøtekomande vaksen person.
- Personal og foreldre skal ikkje snakke over hovudet til barna om ting som barnet ikkje bør høyre.
- Tidleg vakta i barnehagen har ansvaret for denne kontakta.
- Det er barnet/ barna som skal være i fokus.
- Barn og vaksne seier god morgon til kvarandre.
- Utveksling av viktig informasjon om barnet, til dømes har barnet sove dårleg, ete lite, tidleg oppe etc.

### Kviling/ lesing;

- Alle barn har i løpet av dagen behov for å kvile.
- Barna kviler på madrass, leser bok sjølv, eller høyrer på musikk eller lydbok.
- 3 åringane der nokre har kvilestund på madrass og nokre les bok.
- 4 åringane på avdelinga har fast lesestund/ kviling kvar dag.
- 5 åringane har fast lesestund/ kviling kvar dag.

### Legging/ soving;

- Barna som skal sove ligg på soverommet, på avdelinga eller ute i vogn.
- Det er alltid ein vaksen med barna til dei har sovna.
- Dei vaksne syng og roar ned til dei sovnar.
- Det er utarbeida retningslinjer for soverutiner i barnehagen.

Rammeplanen seier; «*Barna skal ha mulighet til ro, kvile og avslapping i løpet av barnehagedagen.*»

### Bleieskift;

- Bleieskift foregår på badet, på stellebordet.
- Situasjonen skal være prega av god tid, ro, tryggleik og respekt for barnet.
- Dei barna som vil, får sitte på potte.
- Det er to faste bleieskift pr. dag. Før barna legg seg/ kviler og etter dei har ete siste måltidet.
- Øvrige bleieskift blir etter behov når barnet treng det.
- Den vaksne brukar denne situasjonen aktivt til å skape en relasjon med barnet gjennom å snakke om det som skjer og kva ting heite. Turtaking og fylgje barnet sitt initiativ er viktig i denne situasjonen.
  - Klede, kroppen
  - Snakke om det som skal skje/ legging/ kviling
  - Synge sangar
  - Rim, regler og tullevvers

## **24. Barnehagen som pedagogisk virksomhet**

*«Barnehagen skal vere ein pedagogisk virksomhet som skal planleggast og vurderast. Barn og foreldre har rett til medvirkning i desse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk virksomhet, er å gje barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette må barnehagen være ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunngeve i barnehagelova og rammeplanen.» (R.s.37)*

### **Planlegging**

*«Planlegging gjev personalet grunnlag for å tenke og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegging skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa. Planlegginga synleggjer korleis barnehagen fortolkar og realiserer rammeplanen og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling av barnehagen.»*

*(R.s.37)*

Årsplanen gjev informasjon om det pedagogiske arbeidet til barnehagen, og planen er fyrst og fremst eit arbeidsreiskap for personalet og dokumenterer barnehagens val og grunngevingar. Årsplanen gjev informasjon om det pedagogiske arbeidet til myndighetsnivået, barnehagen sine samarbeidspartnarar og andre interesserte.

### **Vurdering**

*«Barnehagen skal jevnleg vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og fortolkast ut i frå barnehagen planer, barnehagelova og rammeplanen.» (R. s.38)*

Vurderingsarbeidet skal bygge på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Faglege og etiske problemstillingar skal inngå i vurderingsarbeidet. Dette er ein god måte for personalet å lære av eigen praksis og bidra til å utvikle barnehagen som pedagogisk virksomhet.


Vurdering er viktig for å kunne sjå om det er samsvar mellom målsettingar, visjonar og verdiar og opplevd praksis. Barn, foreldre og personalet er alle viktige deltakarar i vurderingsarbeidet i barnehagen. Vurderingsarbeidet er det som gjev grunnlag for å justere og å sette nye mål for arbeidet.

### **Lærande organisasjon**

Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillinga, oppdatere seg og være tydelege rollemodellar. Dei skal ivareta relasjonar mellom barna i grupper, mellom barn og personalet, og mellom personalet og foreldre.

Å få ny kunnskap betyr ikkje det same som at ein har lært. For at det skal vere læring må det skje ei endring i måten vi gjer ting på. For at det skal vere ei varig endring må det skje læring både individuelt og kollektivt.

Spurkeland seier *«Kunnskapen har liten verdi for enkeltmennesket og omgivelsene så lenge den ikke blir omsatt til praksis. Bevisstgjøring er vel og bra, men det gjør ingen forskjell før det blir omsatt i handling og adferd.» (Spurkeland 2013, s.98)*



Figur.2.2 Wells læringssyklus (Etter Wells 1999:85)

Spurkeland seier vidare at organisasjoners endring av praksis er mest resultat av ett eller flere enkeltmenneskers læring. Og han seier at det er ikkje uten vidare lett å overføre kunnskap til andre mennesker (Spurkeland 2013, s.99). Dette må få konsekvensar for korleis vi legg til rette for læringsaktivitetar både for vaksne og barn. Ut i frå denne forståinga er det viktig å ha fokus på relasjonelle forhold dersom ein skal få til gode læringsprosessar i barnegruppa og i personalgruppa.

## Dokumentasjon i barnehagen

### Rammeplanen seier;

*Dokumentasjon av personalets arbeid skal synleggjere korleis personalet arbeidet for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagens arbeid med å planlegge, vurdere og utvikle det pedagogiske arbeidet.*

Kartleggingsarbeid i barnehagen er ein del av det pedagogiske arbeidet som er med på å sikre at det enkelte barn blir fylgt opp, ut i frå sine føresetnader. Kartlegginga er også med på å styre den pedagogiske planlegginga i barnehagen både i forhold til det enkelte barn og heile gruppa. Kartlegging er også ein måte å dokumentere den pedagogiske praksisen på, og ein måte å sikre at alle barn som går i barnehage får eit pedagogisk tilbod som er tilrettelagt for det enkelte barn.

Stryn Bedriftsbarnehage nyttar kartleggingsverktøy TRAS på alle barn frå dei er 2 år. TRAS tyder tidleg registrering av språkutvikling. Ved å bruke TRAS sikrar det systematisk vurdering av barnet si språkutvikling frå barnet er 2 år. Ved hjelp av TRAS, bygger vi opp ei erfaring som gjev større forståing for kva som er normalt å forvente av barn på same alderssteg. Vi vil og vere betre rusta til å støtte barnet i si utviklinga der dei er og ikkje der dei burde vere.

Foreldra skal ta aktivt del i prosessen på den måten at skjema blir brukt som grunnlag for foreldresamtalene. Skjema blir vist fram for foreldrene som utgangspunkt for samtale kring barnet si utvikling når det er nødvendig eller når foreldra ynskjer det.

Tras kartlegging blir nytta to gongar i året i samband med foreldresamtalene i barnehagen.

Utfylling av TRAS skjema tek utgangspunkt i at registreringa skal skje på grunnlag av observasjonar av barnet i naturlege situasjonar. Bildet vi får av barnet i ein observasjon, kan vere meir tilfeldig eller

typisk for barnet. Derfor er det viktig å observere barnet fleire gongar, både i same situasjonen og i ulike situasjonar, slik at bildet viser mangfald og variasjon av barnet.

**Felles for kartleggingskjema er at foreldra kan reservere seg mot at vi bruker desse for deira barn.**

### **Observasjon**

Observasjon er eit viktig verktøy for å analysere og vurdere barnehagemiljøet og enkelt barn sin trivsel i barnehagen. Når vi observerer ser vi kva som skjer i ein situasjon UTAN å vurdere, kategorisere og definere det som skjer.

Ved observasjon er det viktig at ein er bevisst si rolla som observatør. Tidlegare erfaringar med barn og måten vi har blitt oppdratt på vil påverke vårt syn på barn og korleis vi forstår, og det er med på å forme oss til den vi er. Det betyr at alle vaksne må tenkje gjennom korleis dette kan påverka meg i min måte å kommunisere på, forstå og møte barn på.

Det er slik at det vi ofte kan SJÅ meir av det vi har sett før. Kva briller vi har på avgjer kva vi ser. Eit anna ord for dette er FORFORSTÅELSE som betyr den oppfatninga du i utgangspunktet har om noko eller nokon. Det er viktig å vere bevisste på dette, for vår forforståelse STYRER VÅRE HANDLINGAR.

1. Vi skal med andre ord først observere kva som skjer og vere OBJEKTIVE.
2. Så skal vi TOLKE og legge til vår SUBJEKTIVE forståing av observasjonen
3. Analysere vidare.



### **Trivselsmåling, undersøkende samtaler og observasjonar**

For å finne ut om barna har eit trygt og godt barnehagemiljø gjennomfører vi trivselsundersøking to gongar i året for barna på Storavdeling (4 og 5 år ) i forhold til trivsel og tryggleik i barnehagen. Dette vil bli fylgt opp av undersøkende samtalar og observasjonar dersom det er nødvendig.

Trivselsmåling blir gjennomført haust og vår og resultatet blir presentert for foreldra. Dersom vi oppdagar ubalanse i miljøet vil det bli iverksett undersøkingar slik at vi kan sette i gang rett tiltak. Foreldra vil alltid bli kontakta og vere ein viktig samarbeidspartner i dette arbeidet.

### **Foreldreundersøking – kvalitet i barnehagen**

For å finne ut om barna har eit trygt og godt barnehagemiljø med god kvalitet gjennomfører vi og spørreundersøking for foreldra i barnehagen. Undersøkinga er digital og blir gjennomført i desember månad. Resultatet blir presentert for foreldra i etterkant og vil vere eit viktig redskap i vidare arbeid med å skape eit trygt og godt miljø i barnehagen med god kvalitet.

## 25. Foreldresamarbeid og kommunikasjon

Foreldresamarbeid i barnehagen er lovfesta gjennom Lov om barnehager. Barnehagelova sin formålsparagraf § 1, seier at barnehagen i samarbeid og forståing med barnas heim skal ivareta barns behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Vidare fastslår kapittel 2, § 4 i barnehagelova foreldra sin medverknad gjennom foreldreråd og samarbeidsutval.

Rammeplanen for barnehager (2017) seier at samarbeidet mellom heim og barnehagen alltid skal ha barnet sitt beste som mål. Foreldre og barnehagen sitt personalet har eit felles ansvar for barnet sin trivsel og utvikling.

Tonning, Vikalida og Stryn Bedriftsbarnehage har laga ein felles plan for foreldresamarbeid som heiter «Foreldresamarbeid til barnet sitt beste». Planen for foreldresamarbeid skal vere retningsgjevande for dei tre barnehagane sitt foreldresamarbeid. Vi ynskjer med denne planen å sikre kvaliteten på foreldresamarbeidet og viktige stikkord for prosjektet har vert struktur, systematikk og fokus på gode relasjonar og dialog.

Vi har som mål å bringe kunnskap om foreldrerettleiing inn i barnehagen og tilby dette som ei viktig oppgåve i samarbeidet. Utgangspunktet for å starte opp med foreldrerettleiing er at det er barnehagen som er nærmast barn og foreldre i kvardagen. Det er gjennom samarbeid med foreldra at barnehagen må jobbe for å støtte og utvikle barnet på best mogleg måte (Hafstad og Øvreeide 2013).

Dette blir understreka av Drugeli som seier, «*For små barn vil hjem og barnehage til sammen utgjøre helheten i livet deres. Foreldre og barnehage må samarbeide om den felles omsorgen for barnet, slik at den blir god og samanhengande. Viktig at personalet og foreldre samarbeider tett om å sikre at det å tilbringe tid på to oppdragelses arenaer skal fungere på ein måte som fremmer trivsel og læring*» (Drugli 2010:11).

Foreldra er barnet sin viktigaste utviklingsressurs (Hafstad og Øvreeide 1998, s.13). Foreldra er dei viktigaste personane for barnet og det er foreldra som har mest å seie for utviklinga til barnet. Det er gjennom godt samarbeid med foreldra at barnehagen må jobbe for å støtte og utvikle barnet på best muleg måte. Det betyr at skal vi jobbe med barnet må vi også ha fokus på relasjonen til foreldra.

Viser til prosjektrapport for plan for foreldresamarbeid 2015-2020



Prosjektrapport  
15.06.15 Foreldresar

### Samarbeid og møtepunkt med foreldre

Foreldra har høve til å samtale/ uttale seg om barnehagen på ulike måtar f.eks;

- Dagleg gjennom hente og bringe situasjonen
- Foreldremøte to gongar i året
- Foreldresamtaler to gongar i året
- Foreldrerådsmøte – minimum ein gong i året

- Samarbeidsutvalsmøte – minimum to gongar i året
- Spørjeundersøkingar
- Sosiale arrangement i barnehagen

### **Informasjon**

God informasjonsflyt er ein viktig faktor for å få til eit godt samarbeid mellom foreldra og barnehagen. Det er viktig at foreldra er flinke til å fortelje i barnehagen viss det er noko som kan påverke barna sin kvardag i barnehagen. Barnehagen må sjølvstøtt vere flinke til å fortelje viss det er noko som har skjedd i barnehagen som kan påverke heimesituasjonen.

### **Stryn Bedriftsbarnehage informerer foreldra på fylgjande måtar;**

- Hente og bringe situasjonen/ dagleg kontakt med personalet
- Nettsida til barnehagen - strynbedriftsbarnehage. barnehage.no
- Månadsplan for avdeling/ 14 dagers plan
- Facebook side
- Barnehagenytt ein gong i månaden
- Årsplan
- Månadsplan for barnehagen
- Foreldremøter
- Foreldresamtale

### **Foreldresamtalen**

Vi ynskjer at foreldresamtalen skal vere ein samtale der fokuset i samtalen skal vere på **dialogen** mellom foreldre og pedagogen. Gjennom måten vi møter foreldra på vil vi kunne støtte og forstå foreldra i deira foreldrerolle, og på den måten oppdage og sjå barnet på nye måtar og finne løysingar saman.

Stryn Bedriftsbarnehage har to faste foreldresamtalar pr. år, ellers etter behov.

### **Foreldrerettleiing**

I prosjektet har vi kome fram til ei felles forståing av kva vi legg i foreldrerettleiing. Foreldrerettleiing er ein samtale som skal stimulere foreldra til å sjå på barnet sitt som ein kompetent og medverkande person i si eiga utvikling. Rettleiinga skal oppmuntre til refleksjon og til at foreldra er aktive både under samtalen og i perioden mellom kvar samtale. Dette vil sei at vi vil ha fokus på foreldra si rolle i relasjonen og samspelet med barnet sitt. Målet er å trygge foreldra i deira omsorgsrolle for barnet og styrkje deira rolle som den viktigaste utviklingsressursen for barnet.

### **ICDP ( international child development programe)**

ICDP er eit foreldreveiledningsprogram der ein legg til rette for at foreldre gjennom ulike samlingar og tema skal lære av kvarandre. Styrar i barnehagen er godkjent som veileder og vil kunne halde veiledningsgruppe.

### **Kva er ICDP foreldregruppe?**

Gjennom ICDP foreldregupper kan du møte andre foreldre for å utveksle erfaringar om forholdet til barna. Målsettinga er at den enkelte mor eller far skal bli trygge foreldre, ved å bli bevisste på kva dei gjer som er bra for barna. Du får ingen ferdig oppskrift, men hjelp til å finne eigne løysingar for deg

og ditt barn. Samtalane i foreldregruppene tek utgangspunkt i dine og dei andre deltakarane sine erfaringar frå kvardagen. Fokuset er på korleis foreldre oppfattar barnet sitt og korleis ein samspelear i kvardagen. Gjennom arbeid med 8 tema for godt samspel vil du kunne «sjå» og forstå barnet ditt på ein ny måte.

### **Kven er tilbodet for?**

Program for foreldrerettleiing (ICDP) har eit førebyggjande perspektiv og er eit tilbod for alle foreldre med barn opp til 18 år.

### **Praktisk informasjon om ICDP-foreldregruppe**

- Foreldregruppene er eit gratis lavterskeltilbod som alle foreldre (og besteforeldre) kan være med på
- Gruppene går over åtte samlingar på ca. 1,5-2 t per samling
- Foreldregruppa er på inntil 6-8 personar
- Læringa føregår gjennom ein kombinasjon av samtalar og erfaringsutveksling, oppgåver og refleksjon
- Ein vel sjølv kor mykje ein ynskjer å dele i gruppa
- Gruppa vil være norsktalande, men familiar som kan norsk frå andre nasjonalitetar kan gjerne delta.

## **26. Tverrfagleg samarbeid**

For at barn og foreldre skal få eit mest mogeleg heilskapleg tilbod er det viktig at barnehagen samarbeider godt med andre instansar som er viktige for oppvekst og utvikling til barnet.

Det er viktig at barnehagen kan formidle kontakt mellom foreldre og andre instansar, som Helsestasjon, PPT og barnevern dersom det er behov for det.

Barnehagen har gjennom året minimum to tverrfaglege møter i barnehagen med Barnevern, PPT og Helsestasjon. På desse møta kan personalet ta opp NN-saker (anonymt) og få råd og rettleiing for arbeid og tiltak med barnegrupper og/eller enkeltbarn.

Når det er mange instansar inne for å hjelpe barnet og familien er det viktig at ein avklarar og involverer foreldra i korleis ein ynskjer samarbeidet skal fungere. Når barnet går i barnehagen er det viktig at barnehagen i nært samarbeid med foreldra tek ansvar for framdrift og kommunikasjon med andre instansar. Foreldre må ikkje bli ein «kasteball» mellom ulike instansar. I ein slik kartleggings/ utredningsfase betyr det mykje at både foreldra og barnehagen opplever at det er framdrift og at vi jobbar i lag som system.

### **Helsestasjon**

I samarbeid med Helsestasjonen er det utarbeida eit meldingsskjema som kan brukast både av barnehagen og av Helsestasjon, til å fylgje opp enkelt barn som treng ekstra støtte eller oppfølging. Meldingsskjema skal vere godkjent og underskrive av foreldra til barnet. Dette gjeld både når det er barnehagen, og når det er Helsestasjonen som tek kontakt for samarbeid. Barnehagen og helsestasjonen har to faste samarbeidsmøter pr. år.

## **PPT - Pedagogisk psykologisk teneste**

Den pedagogisk-psykologiske tenesta kan gje råd og rettleiing til barnehagen og foreldre når det gjeld barn med nedsett funksjonsevne, atferdsvanskar, språkvanskar eller andre utfordringar. Det er foreldra som godkjenner søknad om teneste for enkelt barn. Barnehagen kan søke om ekstra ressursar eller spesialpedagogisk hjelp. Stryn Bedriftsbarnehage har fast samarbeidsmøte med PPT kvar måned.

### **Overføring av opplysningar**

Barnehagen skal ikkje overføre opplysningar om barnet utan skriftleg samtykke frå foreldra. Kravet om samtykke frå foreldra gjeld ikkje i tilfelle der personalet deler personopplysningar med barnevernet for å oppfylle opplysningsplikten i barnehagelova § 22.

### **Barneverntjenesten**

Barneverntjenestens hovedoppgave er å sikre at barn som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid, og å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår, jf. barnevernloven § 1-1.

Barnevernet er ein god støttespelar når familiar som kjem i vanskelege livssituasjonar treng ekstra støtte , oppfølging og veiledning.

Barnehageloven § 22 første ledd presiserer at barnehagepersonalet i sitt arbeid skal være merksam på forhold som kan føre til tiltak fra barnevernets side.

Videre har barnehagepersonalet opplysningsplikt til barneverntjenesten når det er grunn til å tro at et barn blir mishandlet i hjemmet eller det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt, eller når et barn har vist vedvarende alvorlige atferdsvansker.

Barnehagens opplysningsplikt til barnevernet følger både av barnevernloven § 6-4 og av barnehageloven § 22 annet ledd. Opplysningsplikten gjelder av eget tiltak, samt etter pålegg fra barneverntjenesten eller andre barnevernmyndigheter.



«Det du tror om meg, slik du er mot meg,  
hvordan du ser på meg, hva du gjør mot meg, slik blir jeg.»

*M. Jennes*